

# Referat frå møte i FAU 25.09.24

**Stad og tid:** Personalrom ungdomsskulen onsdag 25.09.24 kl.17.30

**Deltakarar:** Annette Dale Natås (rektor), Camilla Klakegg (1.klasse), Sonja Anita Grøneng (2.klasse), Monica Vaulen (3.klasse), Iselin Sunde (5.klasse), Hilde Losnegard (6.klasse), Thomas Heggelund (7.klasse), Marte Hundvebakke (8.klasse), Jakob Andre Sandal (9.klasse) og Reidun Sofie Myklebust (10.klasse).

**Fråfall:** Solfrid Trå (4.klasse) har meldt frå om at ho ikkje kan kome til møtet i dag.

**Referent:** Hilde Losnegard

## Saker

### 1. Presentasjon av representantane og info om FAU sine oppgåver

Annette går gjennom Plan for brukarmedverknad for skulane i Sunnfjord kommune (<https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/i276ed11e-5960-4fab-a3a1-01e8799f2219/plan-for-brukarmedverknad-sunnfjord.pdf>).

Foreldrerepresentantane i kvar klasse/gruppe er medlem i foreldrearbeidsutvalet (FAU). FAU skal mellom anna sikre reell medverknad frå føresette og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt.

Kommunen tilrår minimum fire FAU møter i året. I årshjul er det lagt opp til møte i september, november, februar og april. Det kan kome fleire møter utanom på saker som skal handsamast.

### 2. Konstituere nytt styre i FAU og val av representantar til SU/SMU

Nytt styre i FAU:

Leiar: Solfrid Trå

Nestleiar: Jakob Andre Sandal (SMU)

Styremedlem: Iselin Sunde

Sekretær: Hilde Losnegard

Medlemar til SU: Solfrid Trå og Jakob Andre Sandal (leiar og nestleiar). Medlemar i SMU: Solfrid Trå, Jakob Andre Sandal og Marte Hundvebakke.

### 3. Informasjon frå rektor i høve skuleåret 24-25

- Det har kome ny opplæringslov og ny opplæringsforskrift frå denne hausten. Endring i permisjonsreglement og skulereglar. Kommunen arbeider med å oppdatere skjema, system og nettsider ut frå ny lov og forskrift.

- Nytt administrasjonssystem i skulane. Skulen har byrja å ta nytt system i bruk.
- Rapportering av kvaliteten til Skei skule: Rektor sender kvar haust inn rapport til kommunen. Rapporten inneheld mellom anna resultat og korleis skulen har arbeida med nasjonale prøver, elevundersøking og skulemiljø. Rapport skildrar bruk av spesialundervisning, inkluderande praksis og ressursteam. Vidare blir det rapportert om korleis det blir jobba med læreplan, eksamensresultat og tidleg innsats.
- Sunnfjordskulane skal lage ein felles utviklingsplan for alle skulane for komande fire år.
- Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen: Annette sit i arbeidsgruppe for ny ressursmodell for Sunnfjord skulen. Plan skal vere klar før ny ressursfordeling skal bli vedtatt for neste år.
- Det vil truleg kome ein strukturdebatt for skulane i Sunnfjord kommune. Det er spennande korleis kvalitet og kapasitet blir framover. Skei skule har hatt stabil elevmasse siste åra. Ikkje teikn til nedgang i elevtal per no.
- Budsjett: Annette skal sende innspel til budsjett og økonomiplan. Det er trong for oppgradering og renovering fleire stadar på skulen. Mellom anna ventilasjon, lyd- og lysskjerming, IKT og stikkontakter/el-sløyfer for tilkobling av PC. Ungdomsskulebygget er gammalt og mangler balansert ventilasjonsanlegg. Toaletta på ungdomsskulen (inkludert personaltoaletta), og toalettet i kjellar i barneskulen er slitt.

Det er ønske om miljøarbeider på skulen. Stilling som miljøarbeider kan gjerne kombinerast med drift av ungdomsklubb.

Utbetring og ferdigstilling av plan for uteområdet på mellomsteget og ungdomsskulen må gjennomførast.

#### **4. Ymse**

- Klassekonto via organisasjonsnummer: Iselin fortel at det er fleire FAU som etablerer organisasjonsnummer i Brønnøysund og oppretter bedriftskonto i bank. Det er då mogleg å opprette klassekontoer for kvart årssteg. Fordelen med å ha klassekonto via bedriftskonto er at kontoane ikkje står oppført på privatpersoner. Det er også mogleg å søke om midlar til tiltak eller prosjekt når vi har eit organisasjonsnummer.

FAU er samde om at styret søker om organisasjonsnummer og bedriftskonto til FAU. Vi vil diskutere bruk og administrering av klassekonto via bedriftskonto på neste møte i FAU.

- Beltebruk i buss: Det har kome reaksjoner frå foreldre i 1.klasse at fleire bussjåførarar køyrer før elevane har sett seg eller fått på seg belte. FAU- kontaktar for eldre born melder frå om at det også er ei utfordring at bussjåførane ikkje tek i mot kontantar. Det gjer at nokre elevar vegrar seg for å ta bussen dersom dei opplever vanskar med å betale for seg. Annette vil melde tilbake til Firda Billag i høve beltebruk og at born utan busskort ikkje kan lastast for at bussjåførane ikkje tar i mot kontantbetaling.

- Ferie- SFO på Skei: Er det større behov for SFO tilbud i feriar på Skei no som fleire nyttar SFO på Skei skule? Annette vil sende ut ei ny høyring for å kartlegge behov for SFO i feriar.

Vi avtalte ut frå årshjul følgande møter i FAU for skuleåret 24/25:

**Onsdag 13.11.24 kl.17:30, onsdag 12.02.25 kl.17:30 og onsdag 09.04.25 kl.17:30.**